

## Månadsbrev januar 2021



Vel overstått jul og godt nytt år! Takk for to innholdsrike juletreffstar med mange gode innslag. Elevane er flinke, og det fann òg vikarpresten ut på julegudstenesta. Han var i tillegg imponert over songen!

Året byrjar med nasjonale endringar når det gjeld korona og smittevernomsyn, så nå passar me godt på handhygiene og andre smittevernråd, og er mest mogleg heime. På barneskulen er me framleis på gult nivå, og gjer som før jul, medan me vonar smittebiletet med låg smitte i Sirdal held seg.

Elles har me åtte heile veker til vinterferien, og kan få lært mykje i den perioden. 3. og 4. klasse får besøk av tannpleiar frå Flekkefjord- og Sirdal tannklinikk 11. januar for å læra meir om tenner, kosthald og munnhelse, men elles er det lite besøk. 19. januar blir det møte i SMU og SU.

SFO ynskjer å arbeida med mat og miljø, og har meldt seg på Matjungelen. Det er eit aktivitetsopplegg med e-læring, leik og å prøva ut ting i praksis, med eitt tema i månaden. Matjungelen er utvikla av Folkelig i samarbeid med Opplysningskontoret for frukt og grønt, Høgskulen på vestlandet og Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet, på oppdrag frå Helsedirektoratet. Les gjerne meir på <https://matjungelen.no/>. Der finn de årshjulet i leseleg format òg.



Arbeidet på nybygget går fort framover, og det er kjekt å følgja med på! Det var tett før juleferien, arbeidsfolka har byrja å kle bygget utvendig og vindauga kjem i løpet av januar.

Sinnes 04.01.21, Åse-Berit